

Alle fylkeslag

Fornying av læreplanverket

Innleiing

Denne fylkesinfoen tek sikte på å gje ein kort oversikt over bakgrunnen for fornyinga av læreplanverket og ei orientering om status for dette fornyingsarbeidet.

Vi vonar at fylkesinfoen kan medverke til lokalt engasjement og til aktiv deltaking i drøftingar i kollegium, klubbar, lokallag og fylkeslag, og til å fremje synspunkt og vurderingar i innspelsrundar og høyringar.

Kva skal fornyast?

Stortinget har vedteke at heile læreplanverket skal fornyast. Fornyinga omfattar alle læreplanar for fag i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregående opplæring, prinsipp for opplæringa med læringsplakaten og generell del av læreplanverket.

Meld. St. 28 presiserer at hovudprinsippa for Kunnskapsløftet skal ligge fast. Læreplanane skal framleis ha forpliktande kompetansemål for elevane sitt forventa læringsutbytte etter avslutta opplæring på ulike årssteg. Læreplanane for fag skal i tillegg til kompetansemål også innehalde formål, hovudområde og vurdering. Læreplanane skal gje tydeleg retning for arbeidet i skulen, og elevane si utvikling av grunnleggjande dugleik skal framleis vere sentral i opplæringa.

Omfanget i læreplanane skal reduserast. Læreplanane skal vere meir konsentrerte om det viktigaste elevane skal lære, kjernelementa i faga. Faga skal leggje betre til rette for elevane si djupnelæring og grunnleggjande kompetanse for at dei skal tilegne seg varig kunnskap og forståing. Auka progresjon i læreplanane skal gje lærarane betre støtte til å planleggje og tilpasse opplæringa. Det skal kome tydelegare fram i læreplanverket at nokre prioriterte tema skal vektleggjast i fleire fag. Dette er tema som er aktuelle over tid, som er overordna og som reflekterer innhaldet i formålsparagrafen. Stortinget har vedteke følgjande tverrfaglege tema: *Folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling*.

Kvifor skal læreplanverket fornyast?

Kunnskapsdepartementet si grunngjeving for fagfornyinga er at grunnopplæringa må justerast jamleg for å vere godt tilpassa framtidas arbeids- og samfunnsliv. Det vert særleg peika på utfordringar knytt til teknologiske endringar, nye kommunikasjonsformer, auka mangfold, globalisering og for svakt fagleg utbyte av opplæringa.

Departementet peikar på at dei ymse delane av læreplanverket er utvikla på ulike tidspunkt og at samanhengen mellom dei ikkje er god nok. Ei fagfornying med ein betre samanheng mellom dei ymse delane og mellom fag skal gje eit betre grunnlag for planlegging og gjennomføring av den daglege verksemda, slik at skulen sitt breie formål og elevane si faglege læring vert betre tatt vare på.

Prosessen for fornying av læreplanverket

Framlegg til ny generell del av læreplanverket var på høyring våren 2017. *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen* vart fastsett i statsråd 1. september 2017 til erstatning for den tidlegare generelle delen.

[Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen](#)

Meir informasjon om fornyingsarbeidet finn du her:

[Utdanningsdirektoratet si side om fagfornyinga](#)

Det vidare arbeidet med fornying av læreplanverket er inndelt i tre fasar.

Fase 1 2017-2018

I fasen som gjennomførast no, skal det klargjerast kva som skal vere kjerneelementa i faga, korleis verdigrunnlaget og ny overordna del skal integrerast i læreplanane for fag og korleis grunnleggjande dugleik og tverrfaglege tema skal kome til uttrykk i læreplanane.

Utdanningsdirektoratet har oppretta 14 kjernelementgrupper, ei gruppe for kvart fag som skal fornyast. Desse gruppene har gjennomført møte i juni og august og skal ha nye møte i oktober og november. Det er også oppretta ei på tvers-gruppe med eit medlem frå kvar kjernelementgruppe som skal sikre heilskap og samanheng mellom læreplanane. Medlemmar av Utdanningsforbundet er representert i dei fleste av desse gruppene.

Dei første skissene til kva som skal vere kjernelement i faga vart sendt på innspelsrunde til alle skular og kommunar/fylkeskommunar i september i år.

Ein ny innspelsrunde vert gjennomført i perioden 23.oktober - 10. november 2017. Vi vil sterkt oppmøde lærarar, leiarar og andre i utdanningssystemet til å delta i innspelsrunden og gje tilbakemelding på bakgrunn av drøftingar i team, faggrupper, fagseksjonar, personalmøte, klubbmøte m.m.

Dei endelege skissene frå kjernelementgruppene skal etter planen sendast på «mini-høyring» i februar-mars 2018 før dei vert endeleg fastsette av Kunnskapsdepartementet våren/sommaren 2018.

Fase 2 2018-2019

På bakgrunn av arbeidet i fase 1 vil det i 2018 bli oppretta nasjonale læreplangrupper som skal utarbeide utkast til nye læreplanar i dei aktuelle faga. Desse utkasta vil bli sendt på høyring våren 2019 før Kunnskapsdepartementet vil fastsetje dei endelege læreplanane.

Utdanningsforbundet har som ambisjon å vere representert i alle desse læreplangruppene. Det vil også bli vurdert å etablere interne læreplangrupper i Utdanningsforbundet.

Fase 3 2019-2020-

Dei nye læreplanane skal etter planen vere klare til skuleåret 2019-2020. Skular, kommunar/ fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar vil då ha eit år på seg til å

gjere seg kjende med læreplanane, og førebu å ta desse i bruk. Alle dei nye læreplanane skal takast i bruk skuleåret 2020/2021.

Fagfornyinga skal evaluerast. Innretninga er ikkje avklart, men det er Utdanningsforbundet sin føresetnad at også prosessen fram mor iverksetjing vert tema for evalueringa. Evalueringa er tenkt å starte opp i byrjinga av 2018 og vare ut år 2025.

Arbeidet med fagfornying i Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet har som ambisjon å påverke innretninga på og innhaldet i fagfornyinga, og å legge viktige premiss for prosessen og resultatet av fornyingsarbeidet.

Dette påverknadsarbeidet må skje på alle nivå i Utdanningsforbundet gjennom kontakt og samarbeid med lokale, regionale og nasjonale styresmakter og dei andre partane i utdanningssystemet. Utdanningsforbundet sentralt er representert i arbeidsgrupper nedsett av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Arbeidet med fagfornyinga krev også god lokal og regional samhandling. Arbeidet krev difor at tillitsvalde og leiarar på alle nivå legg til rette for godt kollektivt samarbeid i gode prosessar. Vi vil oppmøde om at ein på lokalt og regionalt nivå nyttar etablerte eller utviklar nye samarbeidsforum med arbeidsgjevar og andre samarbeidspartar for å drøfte innhaldet i og organiseringa av arbeidet med fagfornyinga. Vi vil oppmøde om at tillitsvalde og leiarar blant nyttar hovudavtalen som verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar,

Hovudavtalen KS.

På initiativ frå mellom andre Utdanningsforbundet vil det bli arrangert dialogkonferansar i starten av kvar fase av fagfornyinga. Dialogkonferansen som vart gjennomført 14. september 2017, hadde mellom anna som målsetjing å skape grunnlag for lokal og regional samhandling i utviklinga av nytt læreplanverk.

God involvering av medlemmar og tillitsvalde i klubbar, lokallag og fylkeslag vil vere ein suksessfaktor for organisasjonen sitt arbeid med fagfornyinga. Dette handlar om vår evne og vår vilje til å fylle det nye handlingsrommet og til å utnytte dei politiske opningane som er skapt. Skal vi lukkast, må profesjonen på alle nivå ta ansvar og delta aktivt i fagfornyinga som utviklingsarbeid. Vi må dra vekslar på den fagkompetansen som organisasjonen rår over gjennom deltaking i arbeidsgrupper internt og eksternt, og sikre god lokal forankring og involvering. Når vi brukar desse ressursane på ein klok måte, oppnår vi sterke resultat.

Dette fordrar at vi klarer å engasjere og mobilisere våre medlemmar; lærarar, leiarar og tillitsvalde på arbeidsplassar og i lokallag på ein slik måte at dei tek reelt medansvar for prosessane på arbeidsplassen. Dette handlar om profesjonalisering innanfrå og nedanfrå. Det er denne profesjonaliseringa som må styrkast og utviklast dersom profesjonen skal vere ein garantist for høg utdanningskvalitet.

Nytt læreplanverk er ikkje berre eit ansvar for medlemmar og tillitsvalde i grunnopplæringa. Dette handlar om utvikling av skulen som danningsarena. Det er eit kollektivt ansvar for heile organisasjonen at profesjonsrøysta kjem til uttrykk i arbeidet

med fagfornyinga. Fornyinga vil påverke samhandlinga i utdanninga der alle medlemsgrupper bør involverast i dette arbeidet. Det lokale arbeidet må difor opne for brei lokal forankring og involvering.

Utdanningsforbundet sentralt vil i tida frametter arrangere kurs for tillitsvalde med fagfornyinga som tema. Dette vil gå fram av den endelege kursplanen for 2018. Det vert arbeidd med å arrangere konferansar og fagseminar/kveldsseminar. Desse vil bli strøymde. Vi vil oppmøde fylkeslag og lokallag om å gjennomføre kurs og samlingar for å drøfte sentrale delar av fagfornyinga.

Utdanningsforbundet har utarbeidd eit temahefte om fagfornyinga: [Temanotat 3/2017 Fag og fornying – sentrale idear og begrep](#) og ein kortversjon/brosjyre [Fag og fornying – sentrale idear og begrep. Smakeiar frå temanotatet med problemstillingar til drøfting](#)

Saman med denne fylkesinfoen vert det sendt ein pakke til bruk på arbeidsplassane. Pakken inneholder eit brev til tillitsvalde, ein powerpoint-presentasjon med snakkepunkt og problemstillingar om fagfornyinga av læreplanverket, ein tilsvarende om ny overordna del og eit notat om fagfornyinga til bruk på klubbmøte/personalmøte.

Grunnlagsdokument for fagfornyinga

Fagfornyinga byggjer på to offentlege utgjeiingar frå det såkalla Ludvigsen-utvalet: [NOU 2014:7 Elevenes læring i fremtidens skole – Et kunnskapsgrunnlag](#) og [NOU 2015:8 Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser](#)

Desse utgjeiingane låg til grunn for Kunnskapsdepartementet si melding til Stortinget [Meld St. 28 \(2015-2016\) Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet](#)

Stortinget fatta fleire konkrete vedtak om fagfornyinga då dei handsama Meld. St. 28 hausten 2016: [Vedtak i Stortinget](#)

I tillegg til desse formelle styringsdokumenta låg også rapporten [Om lærerrollen. Et kunnskapsgrunnlag](#) frå ekspertgruppa om lærarrolla til grunn for vedtaket om fornying av læreplanverket.

På bakgrunn av Stortinget si handsaming av Meld. St. 28 har Kunnskapsdepartementet utarbeidd eit strategidokument for det vidare arbeidet med fagfornyinga: [Strategi for fagfornyelsen av Kunnskapsløftet og Kunnskapsløftet samisk](#)

Utdanningsdirektoratet, som har det konkrete ansvaret for framdrift i fornyingsarbeidet, har utarbeidd *Plan for implementering – fornyelsen av Kunnskapsløftet*.

Milena Adam
Seksjonsleiar

Einar Ove Standal
Seniorrådgjevar